

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 16.12.2003 **Tid:** 08.30-16.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 21 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Geir Markhus
Idar Reistad

I staden møtte:

Vidar Rolland
Nils Arne Teige

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli og Ass.adm.sjef Våge

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. januar 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste var godkjent slik den ligg føre med tilleggssak: 65/03 og 66/03.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit stilte spørsmål om rutinane for vedtaka i kontrollutvalet, om dei vert gjort kjent for kommunestyret.

Adm.sjefen orienterte om at det ikkje er praksis om at møteboka for kontrollutvalet vert lagt fram for kommunestyret. Når det er konkrete saker som skal vidare til kommunestyret, anten ved at kontrollutvalet har følgd opp vedtak i kommunestyret eller at kontrollutvalet gir tilråding i saker som skal handsamast her, vert utvalet sitt syn og vedtak lagt fram for kommunestyret. Ordførar viste til at dette er spørsmål som det er ulike synspunkt på, og at det vil verta drøfta seinare.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Det vart orientert om den kontakten kommunen har teke mot Haukeland i samband med at ambulanseordninga skal evaluerast. Det er avtala møte med Haukeland førstkamande torsdag. Frå kommunen deltek ordførar, adm.sjef og ein av legane.

Ass.adm.sjef orienterte kort om "dei gode møta", og kort krav til interpellasjonar og grunngjeve spørsmål.

Magda Haugen hadde varsla spørsmål vedkomande vegen til Fitjavatnet. Imøtet vart spørsmålet overlevert skriftleg.

Adm.sjefen viste til at kommunen har sendt framlegg til avtale om bruk av vegen til oppsitjarane/grunneigarane sin advokat. Kommunen har førebels ikkje motteke svar, men ventar at det med det første vert aktuelt med eit drøftingsmøte. I avtaleframlegget har kommunen lagt til grunn at vegen vert sperra med bom, men at rørslehemma og andre kan få høve til å kjøra på vegen. Kommunen sine interesse i høvet til inspisering m.m. av vassverket er sjølvstekt ivareteke.

Endeleg avtale vil verta lagt fram for kommunestyret til godkjenning.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0060/03	03/00458 FASTSETJING AV RENOVASJONSAVGIFT 2004
0061/03	00/00247 STOLPANE SKULEHUS. NY HANDSAMING -PLASSERING
0062/03	03/00307 BUDSJETT 2004
0063/03	03/00463 ØKONOMIPLAN 2004-07
0064/03	03/00415 VAL AV NEMNDER, RÅD OG UTVAL 2004-2007.
0065/03	03/00088 BUDSJETTENDRINGAR, TILLEGGSLØYØVING OG OVERFØRING AV MIDLAR
0066/03	03/00141 GODKJENNING AV AVTALE OM INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUKSTENESTER

0060/03

FASTSETJING AV RENOVASJONSAVGIFT 2004**Handsaming i møte:**

Administrasjonssjefen sette fram følgjande tilråding i møtet;
Samnanger legg til grunn prisane frå BIR med eit mindre påslag til dekking av eigne kostnader. Ut frå dette vert følgjande satsar for 2004 innan renovasjonsområdet gjeldande:

Satsar for 2004 inkl. mva og interne kostnader

RESTAVFALL

140 I	ordinær	2.145
140 I	ordinær kvar 14.dag	1.840
140 I	deling av behaldar, kvar veke	1.738
140 I	deling av behaldar, kvar 14.dag	1.624
140 I	Kompostering, kvar veke	1.942
140 I	kompostering, kvar 14.dag	1.624
140 I	kompostering, kvar14.dag,	
140 I	deling	1.433
	Fritidsbustader	1.134

RETURPAPIR (Papir til husstandane er inkludert i abonnementsgebyret.
Standardabonnementet gjeld restavfall og returpapir)

240 I	Kvar veke	3.722
400 I	Kvar veke	5.806
600 I	Kvar veke	8.653

Levering av returpapir for bedrifter

	Tømmefrekvens	
140 I	Kvar veke	1.900
	Kar måned	475
240 I	Kvar veke	3.350
	Kar måned	837
400 I	Kvar veke	5.070
	Kar måned	1.268
600 I	Kvar veke	7.700
	Kar måned	1.925

Årsavgifta for kloakk for 2004 vert som følgjer (prisane er inkl mva):

	Fast del	Forbruksdel	Årsavgift
Forsamlingshus	944	975	1.919
Hytter, fritidshus	944	975	1.919
Bustadhus inntil 80	944	1.097	2.041
Bustadhus frå 81 – 100	944	1.219	2.163
Bustadhus frå 101 - 120	944	1.341	2.285
Bustadhus frå 121 – 140	944	1.463	2.406

Bustadhus frå 141 – 160	944	1.585	2.528
Bustadhus frå 161 – 180	944	1.706	2.650
Bustadhus frå 181 - 200	944	1.767	2.711
Bustadhus frå 201 - 220	944	1.828	2.772
Bustadhus frå 221 og over	944	1.950	2.894
Målt forbruk	944	Pr m3 vassforbruk: 12,19	

Alle næringsabonnentar og offentlege bygg skal ha vassmålar.

Adm.sjefen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Jon Magne Bogevik sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Kommunestyret ber om att administrasjonen straks går inn i tingingar med BIR. Dette for at BIR fakturerar renovasjonsavgift for Samnanger kommune sine abonnentar. Personal- og økonomiutvalet og administrasjonutvalet føl saka vidare.”

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger legg til grunn prisane frå BIR med eit mindre påslag til dekking av eigne kostnader. Ut frå dette vert følgjande satsar for 2004 innan renovasjonsområdet gjeldande:

Satsar for 2004 inkl. mva og interne kostnader

RESTAVFALL

140 I	ordinær	2.145
140 I	ordinær kvar 14.dag	1.840
140 I	deling av behaldar, kvar veke	1.738
140 I	deling av behaldar, kvar 14.dag	1.624
140 I	Kompostering, kvar veke	1.942
140 I	kompostering, kvar 14.dag	1.624
140 I	kompostering, kvar14.dag,	
140 I	deling	1.433
	Fritidsbustader	1.134

RETURPAPIR (Papir til husstandane er inkludert i abonnementsgebyret. Standardabonnementet gjeld restavfall og returpapir)

240 I	Kvar veke	3.722
400 I	Kvar veke	5.806
600 I	Kvar veke	8.653

Levering av returpapir for bedrifter

	Tømmefrekvens	
140 I	Kvar veke	1.900
	Kar måned	475
240 I	Kvar veke	3.350
	Kar måned	837

400 I	Kvar veke	5.070
	Kar måned	1.268
600 I	Kvar veke	7.700
	Kar måned	1.925

Årsavgifta for kloakk for 2004 vert som fylgjer (prisane er inkl mva):

	Fast del	Forbruksdel	Årsavgift
Forsamlingshus	944	975	1.919
Hytter, fritidshus	944	975	1.919
Bustadhus inntil 80	944	1.097	2.041
Bustadhus frå 81 – 100	944	1.219	2.163
Bustadhus frå 101 - 120	944	1.341	2.285
Bustadhus frå 121 – 140	944	1.463	2.406
Bustadhus frå 141 – 160	944	1.585	2.528
Bustadhus frå 161 – 180	944	1.706	2.650
Bustadhus frå 181 - 200	944	1.767	2.711
Bustadhus frå 201 - 220	944	1.828	2.772
Bustadhus frå 221 og over	944	1.950	2.894
Målt forbruk	944	Pr m3 vassforbruk: 12,19	

Alle næringsabonnentar og offentlege bygg skal ha vassmålar.

Kommunestyret ber om att administrasjonen straks går inn i tingingar med BIR. Dette for at BIR fakturerar renovasjonsavgift for Samnanger kommune sine abonnentar. Personal- og økonomiutvalet og administrasjonsutvalet føl saka vidare.

0061/03

STOLPANE SKULEHUS. NY HANDSAMING -PLASSERING

Handsaming i møte:

Bygdalista v/M.Haugen sette fram følgjande framlegg:”

1. Det må setjast ned eit ad-hoc utval som skal arbeide vidare med saka.
2. Utvalet sitt mandat vert å arbeide med flytting av Stolpane skulehus – alternative løysingar og eksakt kostnadsoverslag.
3. Utvalet må vera ferdig med dette arbeidet til kommunestyremøtet i juni 2004.

Sp v/A.Olsnes sette fram følgjande framlegg: ”Stolpane skulehus skal flyttast til Nordbygda skule. Administrasjonen må utarbeide konkrete planar, økonomiske og praktiske for flytting og oppsetting. Tidsfrist innan 1. mars. Det vert i denne omgang sett av kr. 300.000,- til dette føremålet.”

Krf v/M.Aase sette fram følgjande framlegg:” Stolpane skulehus vert flytta til Nordbygda skule. Det vert sett av inntil kr. 200.000,- frå ubunde kapitalfond til arbeidet med flytting av Stolpane skulehus. Det vert nemnt opp følgjande ad-hoc utval. Mandatet er: planlegge,

organisera og påsjå at arbeidet med flyttinga vert gjennomført i løpet av våren 2004. Utvalet skal samarbeide med administrasjonen og SU på skulen. Rapportering undervegs skal skje til oppvekst og omsorg.”

Partia bad om gruppemøte.

Bygdalista sette fram nytt framlegg til vedtak til erstatning for tidlegare framlegg:

- ”1. Det skal setjast ned eit ad-hoc utval som skal arbeide vidare med saka: Berit Hernes, Audhild Aa-Olsnes, Frode Bjørnås (leiar) og Tone H. Tysseland.
2. Utvalet sitt mandat vert å arbeide med flytting av Stolpane skulehus – alternative løysingar og eksakt kostnadsoverslag. Dei skal arbeida saman med administrasjonen, som har sekretærfunksjonen.
3. Utvalet må vera ferdig med dette arbeidet i kommunestyremøtet i april 2004. Kommunestyret tek avgjer i saka.”

Senterpartiet trekte sitt framlegg.

Sture Tveit bad om at kommunestyret hadde prøve røysting.

Under prøverøystinga røysta 11 for Bygdalista sitt framlegg og 10 for Krf sitt framlegg. Til slutt vart det røysta alternativt over framlegget frå Bygdalista og Krf. Bygdalista sitt framlegg vart vedteke med 12 mot 9 røyster.

Vedtak:

1. Det skal setjast ned eit ad-hoc utval som skal arbeide vidare med Stolpane skulehus: Berit Hernes, Audhild Aa-Olsnes, Frode Bjørnås (leiar) og Tone H. Tysseland.
2. Utvalet sitt mandat vert å arbeide med flytting av Stolpane skulehus – alternative løysingar og eksakt kostnadsoverslag. Dei skal arbeida saman med administrasjonen, som har sekretærfunksjonen.
3. Utvalet må vera ferdig med dette arbeidet i kommunestyremøtet i april 2004. Kommunestyret tek avgjer i saka.

0062/03

BUDSJETT 2004

Framlegg til vedtak::

Framlegg til budsjett for 2004 vert vedteke slik det ligg føre.

Handsaming i møte:

Administrasjonssjefen orienterte om at øyremerkja tilskot til **psykiatri** er redusert med kr 31.000, noko som gjer at budsjettet må endrast i samsvar med dette.

Jon Magne Bøgevik sette fram følgjande tilleggsframlegg: ”På funksjon 1.1600.3550 Renovasjon vert inntektene auka med kr. 100.000,-. Tilleggslyvvingane under funksjon 1.1200.1800 vert auka med kr. 100.000,-.”

Marit Aase sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Bjørnefjorden Næringsutvikling; Den kommunale grunnfinansieringa av kontoret vert heva med kr. 3,- pr. innbyggjar (frå kr. 18,- til kr. 21,-.) Beløpet på kr. 7.000,- vert ført frå konto 1.1400.3251 næringsføremål til BNU.

Finansiering ved bruk av næringsfondet.”

Det vart først røysta over tilleggsframlegget til Bøgevik, som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget til Aase, som vart samrøystes vedteke. Kommunestyret slutta seg og til endringane på funksjon for psykiatri. Til slutt vart det røysta over framlegg til budsjett for 2004 med vedtekne endringar. Budsjettet for 2004 vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek budsjett for 2004 slik det ligg føre med følgjande tillegg; På funksjon 1.1600.3550 Renovasjon vert inntektene auka med kr. 100.000,-. Tilleggsløyvingane under funksjon 1.1200.1800 vert auka med kr. 100.000,-.”

Bjørnefjorden Næringsutvikling; Den kommunale grunnfinansieringa av kontoret vert heva med kr. 3,- pr. innbyggjar (frå kr. 18,- til kr. 21,-) Beløpet på kr. 7.000,- vert ført frå konto 1.1400.3251 næringsføremål til BNU. Finansiering ved bruk av næringsfondet.”

Funksjon 1.3100.2532. 1-2 vert redusert med kr 31.000

Funksjon 1.3100.2532.7 vert redusert med kr 31.000

0063/03

ØKONOMIPLAN 2004-07

Framlegg til vedtak::

Framlegg til økonomiplan for 2004 – 2007 dagsett 18.11.03 vert vedteke med fylgjande tillegg:

- Framlegg til økonomiplan inneber at det f.o.m. 2005 må gjennomførast reduksjonar i driftsnivået i kommunen. Med utgangspunkt i samanlikningar av driftsutgiftene våre innan dei ulike tenestene samanhalde med andre kommunar, skal det arbeidast for å finna fram til kostnadssparande tiltak særleg innan skule og legevakt.
- Det må arbeidast vidare med å finna fram til tenlege interkommunale ordningar.

Pga. usikre kostnadsoverslag vel utvalet å prioritera følgjande tiltak på kapitalbudsjettet utan at dei no vert tidfesta. Desse tiltaka vert prioriterte:

- Opprusting av Ytre Tysse – primært avløp
- Basseng/skule/barnehage. Jfr. arbeidet med skule- og barnehagestruktur
- Tiltak for funksjonshemma

Vedlikehald av vegane og kommunale bygg er tapar i budsjett og økonomiplan. Dette fører til stor verdireduksjon og vil i si tid føra til store kostnader til reparasjon og opprusting. Utan vesentleg auke i vente i inntektene våre, må driftsutgiftene til kommunen i løpet av økonomiplanperioden vriast over frå tenesteyting til vedlikehald. Dette for å oppretthalda verdiane i bygg og vegar. Vinst av evt. sal av kommunale bygg må og nyttast til vedlikehald/opprusting av kommunale bygg.

Handsaming i møte:

Økonomiplanen for 2004-07 vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedteke økonomiplanen for 2004 – 2007 dagsett 18.11.03 slik den ligg føre med fylgjande tillegg:

- Framlegg til økonomiplan inneber at det f.o.m. 2005 må gjennomførast reduksjonar i driftsnivået i kommunen. Med utgangspunkt i samanlikningar av driftsutgiftene våre innan dei ulike tenestene samanhalde med andre kommunar, skal det arbeidast for å finna fram til kostnadssparande tiltak særleg innan skule og legevakt.
- Det må arbeidast vidare med å finna fram til tenlege interkommunale ordningar.

Pga. usikre kostnadsoverslag vel utvalet å prioritera følgjande tiltak på kapitalbudsjettet utan at dei no vert tidfesta. Desse tiltaka vert prioriterte:

- Opprusting av Ytre Tysse – primært avløp
- Basseng/skule/barnehage. Jfr. arbeidet med skule- og barnehagestruktur
- Tiltak for funksjonshemma

Vedlikehald av vegane og kommunale bygg er tapar i budsjett og økonomiplan. Dette fører til stor verdireduksjon og vil i si tid føra til store kostnader til reparasjon og opprusting.

Utan vesentleg auke i vente i inntektene våre, må driftsutgiftene til kommunen i løpet av økonomiplanperioden vriast over frå tenesteyting til vedlikehald. Dette for å oppretthalda verdiane i bygg og vegar. Vinst av evt. sal av kommunale bygg må og nyttast til vedlikehald/opprusting av kommunale bygg.

0064/03

VAL AV NEMNDER, RÅD OG UTVAL 2004-2007.

Framlegg til vedtak:

Det vert vald medlemmer til ulike råd og utval i samsvar med vedlegg dagsett 25.11.03.

Handsaming i møte:

Vedlegget manglar eit par nemnder. I møte vart det gjort fylgjande framlegg:

Forliksråd får fylgjande samansetting:

<u>Medlemer</u>	<u>Varamedlemer</u>
Heidi Fossdal	Karin Høysæter Steinsland
Kristian Jørgensen	Hallstein Utskot
Osvald Lønnebakken	

Landforeininga for nynorsk kommunar (LNK): utsending: Øyvind Røen og vara Brigit Olav Gåsdal

Leiar kontrollutvalet utsending til **styret for distriktsrevisjonen**. Nestleiar vert vald til varamedlem.

Kommunestyret sett ned eit **Ad-hoc utval** som skal arbeida med ulike utfordringar innan naturforvaltning, miljø og kraftproduksjon. Det vert stilt sekretær frå kommuneadministrasjonen. Utvalet rapporterar til naturutvalet. Endeleg mandat for utvalet vert fastsett av naturutvalet. Utvalet får følgjande representantar; Sigmund Dyrhovden, Arne Jørgensen og Odd Lønnebakken .

Desse vart samrøystes vedteke.

Frp sette fram eit alternativt framlegg til val av representantar til vilt- og innlandsfisknemnda.

<u>Medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer</u>
Arne Tverlid	Margot Hisdal
Rune Teige	Anne B Kolle
Torleif Våge	Ove Gåsdal

Det vart først røysta alternativt over framlegg til vedtak og alternativ framlegg frå Frp. 16 røysta for Frp sitt framlegg og 5 for framlegg til vedtak. Frp sitt framlegg vart vedteke. Arne Tverlid vart samrøystes valt som leiar for utvalet.

Til slutt vart det røysta over framlegg til vedtak med vedtekne tilleggsframlegg. Desse vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert vald medlemmer til ulike råd og utval i samsvar med vedlegg dagsett 25.11.03 med fylgjande endring:

Vilt- og innlandsfiske nemnda:

<u>Medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer</u>
Arne Tverlid (leiar)	Margot Hisdal
Rune Teige	Anne B Kolle
Torleif Våge	Ove Gåsdal

Forliksråd får fylgjande samansetting:

Forliksråd

<u>Medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer</u>
Heidi Fossdal	Karin Høysæter Steinsland
Kristian Jørgensen	Hallstein Utskot
Osvald Lønnebakken	

Og med tillegg:

Landforeininga for nynorsk kommunar (LNK): utsending: Øyvind Røen og vara Brigit Olav Gåsdal

Leiar kontrollutvalet utsending til **styret for distriktsrevisjonen**. Nestleiar vert vald til varamedlem.

Kommunestyret sett ned eit **Ad-hoc utval** som skal arbeida med ulike utfordringar innan naturforvaltning, miljø og kraftproduksjon. Det vert stilt sekretær frå kommuneadministrasjonen. Utvalet rapporterar til naturutvalet. Endeleg mandat for utvalet vert fastsett av naturutvalet. Utvalet får følgjande representantar; Sigmund Dyrhovden, Arne Jørgensen og Odd Lønnebakken .

0065/03

BUDSJETTENDRINGAR, TILLEGGSLØYVING OG OVERFØRING AV MIDLAR**Framlegg til vedtak::**

Fylgjande summar vert overført til bruk i 2004

Konto nr. 1.1001.1004.1402	barne- og ungdomskommunestyre	kr 3.000
” ” 1.1001.1004.1000	” ”	kr 1.000
” ” 1.1001.1004.4702	” ”	kr 1.000

Til fullfinansiering av tilrettelegging av industritomt i Rolvsvåg vert brukt kr 48.000 av ubunde kapitalfond.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fylgjande summar vert overført til bruk i 2004

Konto nr. 1.1001.1004.1402	barne- og ungdomskommunestyre	kr 3.000
” ” 1.1001.1004.1000	” ”	kr 1.000
” ” 1.1001.1004.4702	” ”	kr 1.000

Til fullfinansiering av tilrettelegging av industritomt i Rolvsvåg vert brukt kr 48.000 av ubunde kapitalfond.

0066/03

**GODKJENNING AV AVTALE OM INTERKOMMUNALT SAMARBEID
LANDBRUKSTENESTER****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune godkjenner framlegg til avtale om samarbeid om landbrukstenester mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger dagsett desember 2003.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner framlegg til avtale om samarbeid om landbrukstenester mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger dagsett desember 2003.